

TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

Organisasjonar på reise



ME TAR VARE PÅ KVARANDRE

Retningslinjer for frivillige organisasjonar på reise. Retningslinjene skal bidra til at alle medlemmer er tryggare på veg til og frå aktivitetar, og på reise. Medlemen og familien har eit personeleg ansvar. Likeeins har organisasjonen eit ansvar ved tilrettelegging av aktivitetane.

Målet er å gjere turen til ei trygg og god oppleving, både for deltagarar og leiarar. Føresette skal føle seg trygge når barn og unge er overlatt til organisasjonen, og leiarane skal vita kva som bli forventa av dei.

DET SKAL VERE SIKKERT Å REISE MED OSS

Aktivitetar som organisasjonen gjennomfører skal opplevast som sikre for alle medlemene.

Ein frivillig organisasjon skal vere bevisst på at den har samfunnsansvar innan kommunen sitt folkehelsearbeid. Desse retningslinjene skal vere haldningsskapande, særleg innan trafikktryggleik.

- Me tar vare på eigne og andre sine barn i trafikken
- Du skal vere eit positivt forbilde for medlemer i organisasjonen
- Haldningane dine bak rattet blir lett overført; køyr forsiktig og vis sunne haldningar
- Sjåføren skal passe på at alle har bilbeltet på, før turen startar



TRYGGLEIK OG TRIVSEL PÅ REISE

PÅ BIL- OG BUSSTUR

- > Me reknar oss alltid god tid
- > Føraren skal køyre med riktig hastighet, men aldri over fartsgrensa
- > Førar bør unngå bruk av mobiltelefon, men ved bruk skal det nyttast handsfree-utstyr
- > Me brukar utkvilte sjåførar som syter for å få nok søvn før køyring
- > Me tar pausar undervegs på lange strekningar
- > Me har fyrstehjelpsutstyr
- > Me brukar buss med trepunkts setebelte
- > Me sikrar last i buss, bil og hengar på ein forsvarleg måte
- > Ved av- og påstiging skal sjåføren passa på at passasjerane ikkje blir utsett for uhell
- > Planlegg køyringa slik at du slepp å rygge, viss det er råd
- > Ved rygging for å hente utstyr og liknande, skal det alltid stå ein person bak bilen og passe på at det ikkje er nokon i vegen
- > Øvingskøyring på reiser er ikkje tilrådd

KRAV TIL TRANSPORTSELSKAPET

- > Me reknar oss alltid god tid
- > Bussen skal ha trepunkts setebelte
- > Bussen skal aldri rygge utan vakt bak bussen

- > Reiseleiarar skal informere om kravet, og passe på at alle passasjerar sit fastspent i bussen
- > Når ein ventar på av- og påstiging skal reiseleiarar og andre leiarar passe på

Transportelskapet må visa gjennom handling at dei fylgjer krava. Alle bestillingar blir gjort med dette kravet.



I NÆRMILJØET

- > Me brukar gang- og sykkelvegar
- > Me brukar refleks
- > Me brukar sykkelhjelm
- > Me brukar refleksvest
- > Me brukar lykt når me syklar i mørket

RIKTIG UTSTYR PÅ SYKKELEN

- > Raud refleks bak
- > Gul eller kvit refleks på begge sider av pedalane
- > Ringeklokke

KORLEIS GÅ FRAM?

- > Styrevedtak om at ein skal utforme retningslinjer for sikker reise
- > Utforming av utkast til retningslinjer for den aktuelle organisasjonen, laget eller foreininga. TT sitt døme kan vere til støtte, men med lokale tilpassingar og variasjonar

- > Gjennomføre ei «intern høyring» blant førarar, foreldre, barn og unge
- > Vedtak av retningslinjer etter høyringsrunden, forankre i lokallagsstyret/øvste moglege organet
- > Distribuere og gjere retningslinjene kjent blant alle medlemene





Grafisk design: Logolink AS



TRYGG TRAFIKK

www.tryggtrafikk.no